

Anna og Nils T. Rolvsvåg.

Nils Christopher Torgeirson Rolvsvåg fd. 1888 og Anna Hansina Gjertine Rolvsvåg fd. 1894 var søskenbarn. Mor til Nils T og far til Anna var søsken frå Øvredalen i Os.

Nils T reiste til sjøs etter konfirmasjon. Etter ca 3 år ute, var han 3 mnd på bygging av Bergensbanen i 1905, men var ein del plaga av sjukdom. Kva han gjorde veit ein ikkje. Etter dette reiste han til Amerika. Der fekk han jobb som stuert og altmuligmann hos ein rik familie som budde i Brooklyn. Der i budde han ikkje langt unna Charlie Chaplin og møtte han ofte på gata. »Han var lika morosam i verkelegheita som på film», fortalde Nils. Somrane var Nils altmuligmann og om vinteren segla han med stor privat seglskute i Florida området.

Vinteren 1915 fekk han Gulfeber som det ikkje var medisin for. Han måtte då reisa heim til Norge som ein sjuk mann, men kom seg etter ei stund.



Anna hadde i desse åra gått på kjøkenlinje på Framnes folkehøgskule og vorte kokke. Ho var dyktig som kokke og vart brukt i større lag, bryllup, begravelser o.l i heile grenda.



Anna og Nils gifta seg i 1917 i Nykirken i Bergen.

Dei bygde eige hus ca 1919, av kjøpetømmer, på Klasaplassen eller Botnen, lika i nærleiken av skulehuset i Rolvsvåg. Denne plassen fekk dei i bryllupsgåva frå far og mor til Anna. På 20 talet bygde dei ny løe med fjøsdelen av gamlestova frå foreldra til Nils T.

Nils T var fjordfiskar og småbrukar. Anna kjøpte strikkemaskin før 1930 og ho strikka alt frå sokkar til underklede, jakker, gensarar og kjolar. Noko av garn som ho sjølv hadde klipt, karda og spunne, garn frå andre samt kjøpegarn. 2 kyr, ein kalv og nokre sauer var det dei hadde for til. Nils hadde også gamle foreldre som var pleitregande.

I september 1942 kom Haldor Øvredal, han var i slekt med både Anna og Nils, til Rolvsvåg då han var etterlyst av Gestapo. Her var det relativt trygt å vera. Han tok også mange andre etterlyste personar med seg, nokre av dei var dødsdømde. Anna og Nils sa aldri nei, men det var ikkje enkelt å skaffa mat til alle. Det var nok difor dei ikkje leverte kjøtt, mjølk og smør til forsyningsnemnda sine inspektørar, endå det kun var 2 personar i huset.

Bror til Haldor, Fredrik, hadde bygd ei lita tømmerkoie i Solbjørgmarka i 41/42, Botnahytto. Denne vart gøymestad for mange, men dei måtte også ha mat. Dei kunne ikkje spørja andre om hjelp eller ekstra mat. Dei visste ikkje kven som var å stola på. Det vart mange lange natteturar og roturar for å skaffa mat. Det var ein handelsmann på andre sida av fjorden. Han hadde ofte innbrot på natta. Då forsvann både mjølsekkar og anna.

På det meste var det 42 personar som overnatta i huset til Anna og Nils T.

Dei måtte, i periodar, ha vakter både på Samnanger og Os sida. Det kunne plutselig koma tyske soldatar. Her og måtte Anna og Nils trø til.

Nils T hadde astma og Anna leddgikt og det gjorde ikkje arbeidet lettare. Det var ikkje strøm i Rolvsvåg på den tida så all koking måtte gjerast med ved. Dei hadde primus og eit 2 bluss kokeapparat, men begge brukte parafin som var vanskeleg å skaffa. Det måtte hoggast mykje ved, men rømlingane kunne ikkje visa seg i skog og mark. Nils murte igjen grua i gamlahuset og sette inn ein ekstra vedkomfyr. Det var bruk for mange kokeplassar og steikjeplater til å steikja lefser.

I oktober 42 vart Anna Hisdal f. Tysse sendt til besteforeldra sine i Rolvsvåg (Nils var bror til mora) for å hjelpa dei som trong hjelp morgon og kveld. På dagtid var ho for det meste hos Nils og Anna. Der gjekk det i matlaging og mjølking av kyr.

Det var stort sett 5-6 «fastbuande» rømlingar som trong mat og hus. Så vart det fleire og fleire i Botnahytto som også trong mat.

Ho gjekk mot hytta med mat. Noko vart henta på veg mot hytta og noko sett på avtalte plassar. Viktig å ikkje sjå dei som var på flukt.

Brød tok lang tid å steikja og trong mykje mjøl. Det var raskare med tjukke lefser, dei kunne også blandast med poteter for å spara mjøl

Vinteren 45 vart Anna Yndestad, som og var slektning, henta til Rolvsvåg som hushjelp. Det var matlaging og vasking nesten heile døgnet sa Anna. Ho er einaste nolevande av dei som hjelpte til. (2024)

Då Anna og Nils T fekk diplom frå Heimefronten etter krigen kom det tørt frå Nils T.: « Dette er ikkje mykje å setja på bankboka !» Den var nok ganske tom.

Anna Hisdal og Anna Yndestad, no gift Utskot, er dei einaste som fekk gullmedalje for sin innsats frå 1940 – 45, for nokre år sidan.

I 1995 sette Urd ungdomslag og folket i Rolvsvåg opp ein bautastein, på skuleplassen i Rolvsvåg, til minne om Anna og Nils T sin innsats under 2. verdskrigen.

På steinen er det eit kobberstikk av eit trerelieff skore av Jakob Hjelle. Det viser interiøret i Botnahytto med ein del av Milorg og Saborg folka som gøymde seg der.

